

# Referat

---

## Foreldremøte på 7. trinn

13.03.19

### Leirskule

Det vart informert kort om leirskulen, men det vil komme meir informasjon etter kvart. I forkant av leirskuleopphaldet skal elevar og lærar gjere ein del avtalar for å unngå konflikt mellom jentene, då elevane sjølv har uttrykt at dei trur dei kan bli ueinige. Foreldre vart informert om at ikkje alle føler seg like sikre på at dei har nokon å vere med til ei kvar tid på leirskulen, og at det er lurt å prate med barnet sitt om dette. Det verkar ikkje som om det er nokon i klassen som med vilje stenger andre ute, men det er viktig å tenke over om alle likevel er del av fellesskapen.

### Foreldrefest

Dato for foreldrefest blir 03.04.19. Då skal me ha kanonballkamp, vaksne mot eit sprekt storskulelag, med påfølgande brettspel og mat. Alle tek med spel, mat til eit felles bord, og drikke til seg sjølv.

### Prøver og lekser

Ein del elevar ønskjer å sjå kva karakter dei vil kunne forvente å få på ulike prestasjonar. Der det er naturleg å dele opp prøveresultata i poeng, kan det bli gitt tilbakemelding om kva ein kunne forvente å få i karakter. Dette for å førebu seg til ungdomskulen. Ein del arbeid elevane gjer no er direkte retta mot å lære seg å lære, sjølvstøtt og med fag som innhald. Det kjem fram at ein del foreldre ser på det som positivt at det har vore ein del prøver det siste halve året. Eg kan melde om at elevane ikkje ser like positivt på prøver.

Foreldre ønskjer meir tilbakemeldingar på leksene for å kunne vite kva som er forventa.

### Avslutningsfest for 7. klasse

Foreldre kjem til å komme med eit innslag, og foreldra kjem til å organisere mat og servering. Elevane arbeidar med eit skodespel som dei skal framføre. Ytterlegare informasjon kjem seinare.

### Oppstart av prosjekt *Inkluderande Skule- og Barnehagemiljø*

Det blir informert kort om at dette er eit satsingsområde i kommunen framover, og at det også vil vere del av eit landsomfattande prosjekt.

## **Canvas**

Det er ikkje mykje informasjon og lekser på Canvas enno, men det vil bli stadig meir, då kommunen har gått vekk frå It's learning og over på Canvas. Det meste av informasjon frå skulen er også tatt vekk frå kommunen sine heimesider. Innloggingsinformasjon til Canvas kjem på lekseplanen.

Referent Silje Storheim, kontaktlærer